

Nasjonaldagen blir til

Før 1814 var Noreg i union med Danmark. Det betyr at det var den danske kongen som bestemte over Noreg. Det var òg danske lover som galdt i landet.

Dette var det mange i Noreg som ikkje var nøgde med. Dei ønskte at Noreg skulle bestemme over seg sjølv og bli eit eige, sjølvstendig land.

I 1814 møttest difor 112 menn frå heile landet på Eidsvoll. Dei diskuterte korleis Noreg skulle styrast, og kva lover som skulle gjelde. Desse lovene vart kalla *grunnlova*.



Den 17. mai vart grunnlova ferdig og underskriven. Noreg skulle få styre seg sjølv og velje sin eigen konge. Dette var eit viktig steg mot å bli eit fritt og sjølvstendig land.

I dag feirar vi 17. mai fordi Noreg fekk si eiga grunnlov denne dagen. Difor vert 17. mai òg kalla grunnlovsdagen.

Spørsmål til teksten:

1. Kva for lover galdt i Noreg før 1814?

2. Kvifor var mange nordmenn misnøgde?

3. Kvifor trur du det berre var menn som møttest på Eidsvoll?

4. Kvifor vart grunnlova eit viktig steg for Noreg?
